

# Faglærars evaluering av INF0232 Logikkprogrammering – haust 2014

## Bjørnar Tessem

### Vurdering av gjennomføring

Kurset er på 5 stp, og har normalt 10 forelesingar, inkl ei oppsummeringsforelesing. Forelesingane vart holdt med varierende oppmøte, frå 4 til 18 studentar. Slik variasjon oppfattar eg som normalt innanfor eit semester. I tillegg hadde studentane labar og to obligatoriske oppgåver. Dette fungerte og godt, og berre eit par studentar falt frå på grunn av manglande godkjenning av det obligatoriske opplegget.

Eksamen vart gjennomført som digital eksamen, og alle studentane leverte svar på den måten. Ingen av studentane som tok eksamen strauk. Karakterane spreidde seg jamt over heile skalaen, sjølv om det var få eller ingen på B og D. Med så små studenttal må dette vere innanfor det ein kan rekne med.

Studieinformasjon vart lagt ut på miside i god tid, meir enn det verka som at studentane fikk med seg. Mykje tyder på at studentane generelt ikkje brukar miside så mykje som dei burde. Ein skulle ikkje vere nøydd til å gjenta kursrelevant informasjon så mange gonger.

Læreboka er den beste for dette faget, passar godt og har vore brukt i mange år i ulike utgåver.

### Rammevilkår

Studentane hadde tilgang til datalabar med nødvendig programvare gjennom semesteret. Forelesingslokalet var ok. Det kunne vore greitt om forelesingslokale med whiteboards var utstyrt med tusjar. Det var det ikkje i dette rommet. PC en i lokalet var plassert rett framfor skjermen, noko som verka forstyrrende når ein skulle bla fram, eller gå bort til pc-en for å sjekke noko.

### Vurdering

Kurset har ei fast form, og fungerer godt med det innhaldet det har. Ein kan stille spørsmål ved relevansen til kurset i studier ved UiB, utan at det har gått utover gjennomføringa.